

06 REKNESKAPSBASERT MÅLING

Førellesing ved

Professor Kjell Henry Knivsflå,
Institutt for rekneskap, revisjon og rettsvitenskap,
NHH




E-post: kjell.knivsfla@nhh.no;

Twitter: @KjellKnivsfla



06-1

RAMMEVERK FOR REKNESKAPSANALYSE



06-2

FØRELESINGAR OM MÅLING I ACC421A

FØRELESING:

- 06** Rekneskapsbasert måling
- 07** Analyse av målefeil
- 08** Justering for målefeil



Måling, målefeil og justering er eit **omfattande tema** som det i ACC421A ikkje er rom for å presentere i detalj – berre **generelt** med konkretisering på nokre viktige område, spesielt måling av immateriell verdiskaping

ACC401 presenterer rekneskapsbasert måling i detalj, og **ACC420** gjev ein meir grundig presentasjon av målefeil og justering

06-3

INNHALD FØRELESING 06

- 1) **UTARBEIDING** AV FINANSREKNESKAP = REGISTRERING, MÅLING OG RAPPORTERING
- 2) **FINANSREKNESKAPSREGULERING** – NGRS OG IFRS
- 3) **KORT OM IFRS**
- 4) **INNREKNING**
- 5) **MÅLING**




06-4

1.

FINANSREKNESKAP

= INFORMASJONSSYSTEM/AVBILDING

Finansrekneskap er eit **informasjonssystem** om underliggjande økonomiske forhold:



→ Avbildninga er basert på **grunnleggjande rekneskapsprinsipp** innanfor eit eksplisitt eller implisitt konseptuelt rammeverk for rekneskapsføring, til dømes ei rekneskapslov som i Noreg

Avbildninga kan vere eksakt, men som oftast vil det vere «**målestøy**» som gjer avbildninga uklar, upresis eller altså imperfekt; sjå førelasing 07




06-5

UTARBEIDING

= REGISTRERING, MÅLING OG RAPPORTERING

UTARBEIDING AV FINANSREKNESKAP = registrering, måling (også kalla vurdering) og rapportering av informasjon om underliggjande økonomiske forhold innanfor rammene sette av god rekneskapskikk (Kinserdal)



MÅLET

MED FINANSIELL RAPPORTERING

= Å GJE BRUKARANE, SPESIELT INVESTORAR OG KREDITORAR, **NYTTIG** INFORMASJON OM UNDERLIGGANDE ØKONOMISKE FORHOLD

→ TIL DØMES ER MÅLET TIL FINANSIELL RAPPORTERING ETTER IFRS:



The objective of general purpose financial reporting¹ is to provide financial information about the reporting entity that is **useful** to existing and potential investors, lenders and other creditors in making decisions about providing resources to the entity. Those decisions involve buying, selling or holding equity and debt instruments, and providing or settling loans and other forms of credit.

06-7

1.1

DØME
TOOEASY AS

Ei verksemd TooEasy AS har den 01.01 den enklaste **balansen** som tenkjast kan:

Opningsbalanse			
Kontantar	100	100	Eigenkapital



Transaksjonar i løpet av året:

- 1) TooEasy **kjøper** varer for 50 - og betaler med pengar frå kassa
- 2) TooEasy **sel** varer for 80 - og legg pengane i kassa

06-8

DØME – DYNAMIKK MÅLING OVER TID

Ei verksemd investerer i «eigedelar, til dømes ei maskin» som kostar kr 100 – og eigedelane genererer ein kontantstraum frå drift på kr 70 i år 1 og kr 60 i år 2

År	0	1	2
Kontantstraum frå drift	0	70	60
- Kontantstraum til investering	100	0	0
= Fri kontantstraum frå drift	-100	70	60
+ Innrekning	100	0	0
- Avskrivning	0	50	50
= Resultat	0	20	10
- Netto betalt utbytte	-100	70	60
= Endring i egenkapital	100	-50	-50
Eigedelar	100	50	0
Eigenkapital	100	50	0

Fri kontantstraum frå drift er **registrering** av transaksjonar, inn- og utbetalingar

Innrekning er balanseføring av eigedelar til kost
Avskrivning er **måling**, periodisering av innrekna verdi

Enklart å føresetje at eigedelane er finansierte 100% med EK, og at alle kontantar vert betalte ut slik at vi **unngår** finansiell eigedelar i balansen

Eigedelane i balansen vert **målt** den 31.12 kvart år

06-13

1.3 ÅRSRAPPORTEN

= BRUKARANE SITT MØTE MED FINANSREKNESKAP

Som eksterne brukarar **møter** vi finansrekneskap først og fremst gjennom

ÅRSRAPPORTEN



06-14

FØRELESING 06

2.

REGULERING NGRS «ELLER» IFRS

KVIFOR REGULERE?

Finansiell rapportering frå verksemdene til brukarane av rekneskapsinformasjon er **regulert** av samfunnet for å

1) **sikre** brukarane, spesielt investorar og kreditorar, **tilgang** på informasjon som er relevant for avgjerd og kontroll – og for å

2) **verne** lite sofistikerte brukarar mot **ulik** (eller asymmetrisk) informasjon

06-15

2.1

NGRS

= NORSK GOD REKNESKAPSSKIKK

BÆREBJELKAR I NORSK REKNESKAPSGJEVING ER

1) Rekneskapslova av 17. juli 1998 nr 56

- Bokføringslova av 19. november 2004 nr 73
- Verdipapirhandelloya av 29. juni 2007 nr 75

2) Revisorlova av 15. januar 1999 nr 2

SJÅ ÒG: NOU 2015: 10 Forslag til ny RL

+
**NRS - Norske
Rekneskaps-
Standardar**

www.regnskapsstiftelsen.no



Lover og føresegnar er tilgjengelege på Internett, til dømes hos Lovdata:

<http://www.lovdata.no>

06-16

REKNESKAPSLOVA

AV 17. JULI 1998 NR 56

Kapittel

- 01: Verkeområde, rekneskapspliktige, definisjonar
02: KAPITTEL 2 ER OPPHEVA OG ERSTATT AV BOKFØRINGSLOVA, SOM ALTSÅ ER LOVA FOR REGISTRERING
03: Årsrekneskap og årsmelding
- 04: Grunnleggjande rekneskapsprinsipp og god rekneskapsskikk
05: Vurderingsreglar
06: Resultatrekneskap, balanse og kontantstraumoppstilling
07: Noteopplysingar
- 08: Offentleggjering, innsending av rekneskap, straff
09: Forskjellige reglar
10: Sluttreglar

RL er lova
for måling
og rapportering

EØS-avtalens vedlegg XXII nr. 10b: Europaparlamentets og rådsforordning (EF) nr. 1606/2002 av 19. juli 2002 om bruk av internasjonale rekneskapsstandardar

06-17

NY REKNESKAPSLOV?

NOU 2015: 10

Kapittel

- 01: Verkeområde, standardsettande organ, definisjonar
02: Årsrekneskap
- 03: Alminnelege prinsipp
04: Reglar om innrekning og måling
05: Rekneskapsoppstillingar
06: Noteopplysingar
07: Konsernrekneskap
08: Bruk av internasjonale rekneskapsstandardar
- 09: Årsmelding
10: Offentleggjering
11: Land-til-land rapportering
12: Straff
13: Forskjellige reglar

RL er lova
for måling
og rapportering

Reglane er **mindre prinsippbaserte** enn i RL av 1998 – og skal utfyllast av rekneskapsstandardar med **IFRS** og **IFRS for SME** som førebilete

Small and medium-sized enterprises

Det er uvisst om den nye lova vil verte gjeldande – eller om ho vert «lagt på is»

06-18

2.2

RL § 3-9 IFRS I NOREG

- **Børsnoterte** verksemder **skal** med visse unntak utarbeide konsernrekneskap i samsvar med IFRS, og **kan** nytte IFRS i selskapsrekneskapen
- Andre verksemder har ein **opsjon** til å nytte IFRS



NOU 2015:10

Foreslår å gjere NGRS endå meir harmonisert med IFRS – **NGRS** vert «lik» IFRS og IFRS for SME?

06-19

MÅLING ETTER IFRS



Grunnlag for utarbeidelse av konsernregnskapet

Telenor har utarbeidet konsernregnskapet i henhold til internasjonale regnskapsstandarder (International Financial Reporting Standards - **IFRS**) som er godkjent av EU, i tråd med kravene i EUs IFRS-forordning og norsk regnskapslov. Referanser til IFRS i dette regnskapet betyr IFRS som er godkjent av EU.



...

06-20

3.

IFRS



= INTERNATIONAL FINANCIAL REPORTING STANDARDS

IASB – «International Accounting Standards Board» er ein privat organisasjon lokalisert i London. IASB har brei geografisk spreiding i styrande organ, sjå

www.ifrs.org

IASB tek mål av seg å lage internasjonale standardar for rekne-

skapsføring, såkalla **IFRS** – «International Financial Reporting Standards», tidlegare kalla IAS – «International Accounting Standards»




06-21

3.1

CONCEPTUAL FRAMEWORK
BALANSEFOKUS

Det konseptuelle rammeverket for IFRS byggjer på **DEFINISJONAR** av **eigedelar, gjeld og egenkapital** – og **frå** desse definisjonane får vi definisjonar av **inntekter, kostnader og resultat**:



06-22

DØME
KVA ER EIGEDEL OG GJELD?

4.4 The elements directly related to the measurement of financial position are assets, liabilities and equity. These are defined as follows:

- (a) An **asset** is a resource controlled by the entity as a result of past events and from which future economic benefits are expected to flow to the entity.
- (b) A **liability** is a present obligation of the entity arising from past events, the settlement of which is expected to result in an outflow from the entity of resources embodying economic benefits.

→ **DVS:**

DØME: KUNDEFORDRING = EIGEDEL, SIDAN FORDRING = FRAMTIDIG INNBETALING; AUKE I FORDRING = INNTEKT

06-23

3.2

«41 + 17» STANDARDAR
I REGI AV IASB

IAS Standards	IFRS Standards
1 Presentation of Financial Statements	1 First Time Adoption of International Financial Reporting Standards
2 Inventories	2 Share-based Payment
7 Cash Flow Statement	3 Business Combinations
8 Accounting Policies, Changes in Accounting Estimates and Errors	5 Non-Current Assets Held for Sale and Discontinued Operations
10 Events After the Reporting Period	6 Exploration for and Evaluation of Mineral Resources
12 Income Taxes	7 Financial Instruments: Disclosure
16 Property, Plant and Equipment	8 Operating Segments
19 Employee Benefits	9 Financial Instruments
20 Accounting for Government Grants and Disclosure of Government Assistance	10 Consolidated Financial Statements
21 The Effects of Changes in Foreign Exchange Rates	11 Joint Agreements
23 Borrowing Costs	12 Disclosure of Interest in Other Entities
24 Related Party Disclosures	13 Fair Value Measurement
26 Accounting and Reporting of Retirement Benefit Plans	14 Regulatory Deferral Accounts
27 Consolidated and Separate Financial Statements	15 Revenue from Contracts with Customers
28 Investments in Associates and Joint Ventures	16 Leases
29 Financial Reporting in Hyperinflationary Economies	17 Insurance Contracts
32 Financial Instruments: Presentation	
33 Earnings per Share	
34 Interim Financial Reporting	
36 Impairment of Assets	
37 Provisions, Contingent Liabilities and Contingent Assets	
38 Intangible Assets	
39 Financial Instruments: Recognition and Measurement (will be superseded by IFRS 9)	
40 Investment Property	
41 Agriculture	

Gamle IAS forsvinn når nye IFRS kjem til

Dette er dei nye standardane



06-24

DØME

IAS 16 PROPERTY, PLANT AND EQUIPMENT

INTRODUCTION
INTERNATIONAL ACCOUNTING STANDARD 16
PROPERTY, PLANT AND EQUIPMENT
OBJECTIVE
SCOPE
DEFINITIONS
RECOGNITION
Initial costs
Subsequent costs
MEASUREMENT AT RECOGNITION
Elements of cost
Measurement of cost
MEASUREMENT AFTER RECOGNITION
Cost model
Revaluation model
Depreciation
Depreciable amount and depreciation period
Depreciation method
Impairment
Compensation for impairment
DERECOGNITION
DISCLOSURE
TRANSITIONAL PROVISIONS
EFFECTIVE DATE
WITHDRAWAL OF OTHER PRONOUNCEMENTS
APPENDIX
Amendments to other pronouncements
APPROVAL OF IAS 16 BY THE BOARD
BASIS FOR CONCLUSIONS

Reglar for **innrekning**
– **balanseføring**

Reglar for **måling**

- ved innrekning
- etter innrekning

Reglar for **frårekning** –
balansefjerning

06-25

DØME

IAS 38 INTANGIBLE ASSETS

INTERNATIONAL ACCOUNTING STANDARD 38
INTANGIBLE ASSETS
OBJECTIVE
SCOPE
DEFINITIONS
Intangible assets
Identifiability
Control
Future economic benefits
RECOGNITION AND MEASUREMENT
Separate acquisition
Acquisition as part of a business combination
Intangible asset acquired in a business combination
Subsequent expenditure on an acquired in-process research and development project
Acquisition by way of a government grant
Exchanges of assets
Internally generated goodwill
Internally generated intangible assets
Research phase
Development phase
Cost of an internally generated intangible asset
RECOGNITION OF AN EXPENSE
Past expenses not to be recognised as an asset
MEASUREMENT AFTER RECOGNITION
Cost model
Revaluation model
USEFUL LIFE
INTANGIBLE ASSETS WITH FINITE USEFUL LIVES
Amortisation period and amortisation method
Residual value
Review of amortisation period and amortisation method
INTANGIBLE ASSETS WITH INDEFINITE USEFUL LIVES
Review of useful life assessment
RECOVERABILITY OF THE CARRYING AMOUNT—IMPAIRMENT LOSSES
RETIREMENTS AND DISPOSALS
DISCLOSURE
General
Intangible assets measured after recognition using the revaluation model
Research and development expenditure
Other information
TRANSITIONAL PROVISIONS AND EFFECTIVE DATE
Exchanges of similar assets
Early application
WITHDRAWAL OF IAS 38 (ISSUED 1998)
FOR THE ACCOMPANYING DOCUMENTS LISTED BELOW, SEE PART B OF THIS EDITION
APPROVAL BY THE BOARD OF IAS 38 ISSUED IN MARCH 2004
BASIS FOR CONCLUSIONS

Reglar for **innrekning**
og **måling** ved innrekning

Reglar for **måling** etter
innrekning

Reglar for **frårekning**

06-26

KVA ER DEI KONKRETE REGLANE FOR

- INNREKNING OG
- MÅLING?

DET LÆRER DU I KURS I FINANSIELL RAPPORTERING,
SOM **ACC401**

3.3

ACC401 FINANSREKNESKAP

EMNEOVERSIKT:

Kursansvarlege:
Finn Kinsderdal og Terje Heskestad

- Formålet med regnskap, brukerperspektivet, relevans og pålitelighet, regulering
- IFRS, rammeverket, konsistens mellom standarder og rammeverk, måling og innregning
- Gjennomgang av sentrale regnskapsregler/IFRS-standarder:

Her lærer du meir
om reglar for innrek-
ning og måling av
mellom anna VDM
og IE

Konsernregnskap, inntekt, varelager, **driftsmidler**, **immaterielle eien-
deler**, nedskrivning, leieavtaler, forpliktelser og avsetninger, virksomhets-
sammenslutning, ulike former for innregning av eierinteresser i andre virk-
somheter, innføring om valuta og finansielle instrumenter og evt. andre
temaer

Kurset går om
hausten

Det finst også ein **engelsk versjon** av kurset om våren,
ACC401E

06-28

4.

INNREKNING «RECOGNITION»

I ACC421A NØYER VI OSS MED EIN

SMAKEBIT

MÅLET ER Å PRESENTERE VISSE REGLAR FOR
Å KUNNE IDENTIFISERE HOVUDKJELDER TIL
MÅLEFEIL I FØRELESING 07

→ **INNREKNING INNEBER PRINSIPP ELLER REGLAR
FOR NÅR VI KAN BALANSEFØRE
EIGEDELAR OG GJELD – OG TIL
KVA VERDI**

06-29

4.1

HOVUDREGEL FOR INNREKNING


Innrekning vert
også kalla
balanseføring

GRUNNLEGGANDE DEFINISJON

EIGEDEL = sannsynleg framtidig økonomisk **fordel**

GJELD = sannsynleg framtidig økonomisk **ulempe**

→ **EIGEDEL (GJELD)**



06-30

DØME IAS38

... tilsvarande for varige driftsmidlar
i IAS 16

- 21 An intangible asset shall be recognised if, and only if:
- (a) it is probable that the expected future economic benefits that are attributable to the asset will flow to the entity; and
 - (b) the cost of the asset can be measured reliably.
- 22 An entity shall assess the probability of expected future economic benefits using reasonable and supportable assumptions that represent management's best estimate of the set of economic conditions that will exist over the useful life of the asset.

Hovudkravet til at ein eigedel kan innreknast i
balansen er at det er **sannsynleg («probable»)**
at eigedelen **produserer framtidige
økonomiske fordelar**

- 24 An intangible asset shall be measured initially at cost.

Innrekning skal skje til **kost**

06-31

DØME INNREKNING AV EIGEDELAR

Ei verksemd investerer i «**eigedelar, til dømes ei maskin**» som kostar kr 100 – og eigedelane er venta å generere ein kontantstrøm frå drift på kr **70** i år 1 og kr **60** i år 2

År	0	1	2
Kontantstrøm frå drift	0	70	60
- Kontantstrøm til investering	100	0	0
= Fri kontantstrøm frå drift	-100	70	60
+ Innrekning	100		
- Avskrivning	0		
= Resultat	0		
- Netto betalt utbyte	-100		
= Endring i eigenkapital	100		
Eigedelar	100		
Eigenkapital	100		

Årsaka til at investerings-
utgifta på 100, dvs kjøpet
av ei maskin, kan balanse-
førast er at det er **sann-
synleg** at ho produserer
**framtidig økonomiske
fordelar** i form av ein
kontantstrøm (70, 60)

Innrekninga skjer til
kostverdi

dvs verdien av vederlaget på
transaksjonstidspunktet

06-32

DØME INNREKNING AV «TAP»

Ei verksemd investerer i «**eigedelar, til dømes ei maskin**» som kostar kr 100 – og eigedelane er venta å generere ein kontantstraum frå drift på kr **70** i år 1 og kr **60** i år 2. **MEN** med det same eigedelane er kjøpte så innser verksemda at **dei ikkje vil produsere nokon kontantstraum**. Eigedelane let seg heller ikkje selje.

År	0	1	2
Kontantstraum frå drift	0	0	0
- Kontantstraum til investering	100	0	0
= Fri kontantstraum frå drift	-100	0	0
+ Innrekning - avskrivning	0		
= Resultat	-100		
- Netto betalt utbyte	-100		
= Endring i egenkapital	0		
Eigedelar	0		
Eigenkapital	0		

Maskina er **ikkje** venta å produsere ein framtidig kontantstraum – og kan ikkje innreknast i balansen

Eit tap skal kostnadsførast


06-33

4.2

KRAVET OM SANNSYNLEG

Eigedelar skal vere **sannsynlege** for at dei skal kunne balanseførast, dvs det skal vere sannsynleg at dei gjev framtidig økonomiske fordelar


BOKSTAVLEG:



→ **Balanseføring** når $p > 0,5$, dvs det er sannsynleg at investeringa produserer ein kontantstraum. **Men** dette vert for «teoretisk» slik at **IFRS OPERASJONALISERER** kravet meir praktisk

06-34

OPERASJONALISERING AV SANNSYNLEG



06-35

DØME FRÅ IAS 38

«EIGEDELAR» SOM IKKJE KAN INNREKNAST

- 48 Internally generated goodwill shall not be recognised as an asset.
- 54 No intangible asset arising from research (or from the research phase of an internal project) shall be recognised. Expenditure on research (or on the research phase of an internal project) shall be recognised as an expense when it is incurred.
- 57 An intangible asset arising from development (or from the development phase of an internal project) shall be recognised if, and only if, an entity can demonstrate all of the following: ... Dvs utvikling som skaper eigedelar skal innreknast
- 63 Internally generated brands, mastheads, publishing titles, customer lists and items similar in substance shall not be recognised as intangible assets.

06-36

DØME FORSKING ER «TAP»!

Ei verksemd investerer i «eigedelar» som kostar kr 100 – og eigedelane genererer ein kontantstraum frå drift på kr 70 i år 1 og kr 60 i år 2. **Eigedelane er varige driftsmidlar som kostar 80 og resten er eiga forskning**

År	0	1	2
Kontantstraum frå drift	0	70	60
- Kontantstraum til investering	100	0	0
= Fri kontantstraum frå drift	-100	70	60
- Avskrivning - innrekning	-80		
= Resultat	-20		
- Netto betalt utbytte	-100		
= Endring i eigenkapital	80		
Varige driftsmiddel	80		
Eigenkapital	80		

ETTER IAS 38 KAN IKKJE EIGA **FORSKING** BALANSEFØRST, MEN SKAL KOSTNADSFØRST DIREKTE

Kjøpt forskning kan derimot balanseførast

ETTER IAS 16 KAN **VARIGE DRIFTSMIDLAR** INNREKNAST ELLER BALANSEFØRST NÅR DEI FØRER TIL ØKONOMISK FORDEL, DVS EIN FRAMTIDIG KONTANTSTRAUM

06-37

4.3 KONKLUSJON

ETTER GRS – DVS NGRS OG IFRS – SÅ VERT MANGE **IMMATERIELLE EIGEDELAR** HALDNE UTANFOR BALANSEN



06-38

GRUNNGJEVING

Årsaker til at mange immaterielle eigedelar vert haldne utanfor balansen er

- Dei er for usikre slik at dei **ikkje er kreditor-relevante**, då dei som oftast har null verdi ved konkurs og finansiell krise
- Dei er for usikre slik at dei **lett kan manipulerast** gjennom at kostnader lett kan plasserast i balansen når dei skulle ha vore kostnadsførde (jamfør målefeil av type 3 i førelesing **07**)

06-39

UTFORDRING

MEN ER FORSKING OG ANNAN IMMATERIELL VERDISKAPING «TAP»?

NEI. I GJENNOMSNITT SKAPER FORSKING VERDIAR OG DERMED EIGEDELAR SOM BØR INNREKNAST I BALANSEN OG I INVESTERT KAPITAL



Det å undervurdere investerte kapital vil blåse opp rentabiliteten – og er derfor ei stor utfordring ved investororientert rekneskapsanalyse, jamfør førelesing **07**, analyse av målefeil av type 2

06-40

5.

MÅLING «MEASUREMENT»

Måling inneber å **vurdere verdien** på egedelar og gjeld etter innrekning – måling vert derfor også kalla vurdering



06-41

5.1

MÅLEMODEL KOST ELLER VERDI?

GENERELT VERT FINANSREKNESKAP FØRT ETTER **EIN AV TO MODELLAR:**

1) **KOSTMODELL** – «COST MODEL»

2) **VERDIMODELL** – «REVALUATION MODEL»

→ FOR VISSE EIGEDELAR, TIL DØMES VARIGE DRIFTSMIDLAR OG IMMATERIELLE EIGEDELAR, KAN VI **VELJE** MODELL

FOR ANDRE EIGEDELAR, TIL DØMES **FINANSIELLE INSTRUMENT – «MÅ»** VI OFTE **VELJE VERDIMODELLEN** OM VERDIANE KAN MÅLAST PÅLITELEG. FINANSIELL GJELD BLIR VANLEGVIS RAPPORTERT TIL AMORTISERT KOST

06-42

DØME IAS 16

... tilsvarande for immaterielle egedelar i IAS 38

Measurement after recognition

29 An entity shall choose either the cost model in paragraph 30 or the revaluation model in paragraph 31 as its accounting policy and shall apply that policy to an entire class of property, plant and equipment.

For varige driftsmidlar og immaterielle egedelar kan vi

VELJE

mellom kost- og verdimodellen

I **praksis** vert verdimodellen sjeldan nytta for varige driftsmidlar og immaterielle egedelar

06-43

5.2

KOSTMODELL

Cost model

30 After recognition as an asset, an item of property, plant and equipment shall be carried at its cost less any accumulated depreciation and any accumulated impairment losses.

→

BALANSEFØRT VERDI

= innrekna kost - akkumulert avskrivning - akkumulert nedskrivning

Innrekning vart omtalt i 4.1

Nedskrivning vert omtalt i 5.4

06-44

1)

AVSKRIVING

50 The depreciable amount of an asset shall be allocated on a systematic basis over its useful life.

→ AVSKRIVING

= **systematisk allokering**

av avskrivingsgrunnlaget over økonomisk levetid

Avskrivning **fangar opp verdifallet på eigedelen** over levetida og er derfor ein **kostnad**, jamfør definisjonen på kostnad som minke i verdi på eigedel (eller auke i verdi på gjeld)

06-45

DØME KOSTMODELL

Ei verksemd investerer i «**eigedelar**» som kostar kr 100 – og eigedelane genererer ein kontantstraum frå drift på kr 70 i år 1 og kr 60 i år 2. **Eigedelane er varige driftsmiddel som kostar 80 og resten er eiga forskning**

År	0	1	2
Kontantstraum frå drift	0	70	60
- Kontantstraum til investering	100	0	0
= Fri kontantstraum frå drift	-100	70	60
- Avskrivning - innrekning	-80	40	40
= Resultat	-20	30	20
- Netto betalt utbyte	-100	70	60
= Endring i eigenkapital	80	-40	-40
Varige driftsmiddel	80	40	0
Eigenkapital	80	40	0

Eigedelen fell i kostverdi sidan dei framtidige økonomiske fordelane fell. Verdifallet – eller altså avskrivning – er ein kostnad

Avskrivning
= $80/2$

$80 \text{ (IB)} - 40 \text{ (avskrivning)} = 40 \text{ (UB)}$

06-46

2)

AVSKRIVINGS-GRUNNLAG

Depreciable amount is the cost of an asset, or other amount substituted for cost, less its residual value.

→ AVSKRIVINGSGRUNNLAGET

= **KOST - UTRANGERINGSVERDI**

!

06-47

DØME KOST MED UTRANGERING

Ei verksemd kjøper «**eigedelar**» som kostar kr 100 – og eigedelane skaper ein kontantstraum frå drift på kr 70 i år 1 og kr 60 i år 2. Eigedelane er varige driftsmiddel som kostar 80 og resten er eiga forskning. **I år 2 kan varige driftsmidlar seljast for 20**

År	0	1	2
Kontantstraum frå drift	0	70	60
- Kontantstraum til investering	100	0	-20
= Fri kontantstraum frå drift	-100	70	80
+ Innrekning og frårekning	80	0	-20
- Avskrivning	0	30	30
= Resultat	-20	40	30
- Netto betalt utbyte	-100	70	80
= Endring i eigenkapital	80	-30	-50
Varige driftsmiddel	80	50	0
Eigenkapital	80	50	0

Avskrivning
= $(80 - 20)/2$

Innrekna kost Utrangering

Resultatet går opp med 10 per år, sidan eigedelane kan utrangerast til 20

06-48

3)

KOMPONENT-AVSKRIVING

43 Each part of an item of property, plant and equipment with a cost that is significant in relation to the total cost of the item shall be depreciated separately.

→ **Dei ulike delane – eller komponentane – av ein eigedel skal avskrivast kvar for seg**

DØME: PERIODISK VEDLIKEHALD

(Løpande vedlikehald, dvs vedlikehald med levetid på om lag eitt år, vert kostnadsført løpande)

06-49


DØME

PERIODISK VEDLIKEHALD

1) Kostnaden ved kjøp av driftseigedel som skal gjennomgå periodiske vedlikehald vert delt i to delar på kjøpstidspunktet (0): **(1) Kjernedel og (2) vedlikehaldsdel**

2) **Kjernedelen** vert avskrive over attverande levetid på driftseigedelen (dvs over T)

3) Utgifter i samband med det nye periodiske vedlikehalde vert balanseførde som **vedlikehaldsdel** – og avskrive fram til neste periodiske vedlikehald ($t^{**} - t^*$)



06-50

KOSTMODELL PERIODISK VEDLIKEHALD

Eit flyselskap investerer i eit eldre, men nyoverhala fly med ein venta levetid på 4 år. Investeringsutgifta er 600 – og flyet er venta å generere ein kontantstraum frå drift på 295 i år 1, 260 i år 2, 245 i år 3 og 210 i år 4. Ved utgangen av år 2 **må flyet inn til inspeksjon og haldast ved like**. Utgiftene i samband med det periodiske vedlikehaldet er 100

Ein del av kjøpsprisen er for vedlikehaldskomponenten

År	0	1	2	3	4
Fri kontantstraum frå drift	-600	295	260 - 100	245	210
+ Innrekning kjernedel fly	500	0	0	0	0
+ Innrekning vedlikehaldsdel	100	0	100	0	0
- Avskriving kjernedel	0	125	125	125	125
- Avskriving vedlikehaldsdel	0	50	50	50	50
= Netto driftsresultat	0	120	85	70	35
- Netto betalt utbyte	-600	295	160	245	210
= Endring i eigenkapital	600	-175	-75	-175	-175
Kjernedel fly	500	375	150	125	0
+ Vedlikehaldsdel	100	50	100	50	0
= Netto driftseigedel	600	425	350	175	0
Eigenkapital	600	425	350	175	0

06-51

4) AVSKRIVINGSMETODE

Depreciation method

60 The depreciation method used shall reflect the pattern in which the asset's future economic benefits are expected to be consumed by the entity.

→ **Avskrivingsmetoden skal i utgangspunktet vere tilpassa forma og eventuelle mønster i framtidige økonomiske fordelar, dvs i venta kontantstraum**

MEN PÅ GRUNN AV UTRANGERING OG KOMPONENTAVSKRIVING KAN VI I PRASIS OFTAST VELJE LINEÆR AVSKRIVING, SIDAN KOMPONENTAR REFLEKTERER SPESIELLE MØNSTER I KONTANTSTRAUEN

06-52

5)

FINANSIELL GJELD AMORTISERT KOST

ETTER **IFRS 9** SKAL «VANLEGVIS» FINANSIELL GJELD MÅLAST TIL **AMORTISERT KOST**:

4.2.1 An entity shall classify all financial liabilities as subsequently measured at amortised cost, except for: ...

→ **KVA ER AMORTISERT KOST VED HJELP AV EFFEKTIV RENTEMETODE?**

Amortisert kostverdi (AKV)

= Noverdi av framtidig rente og avdrag – altså kontantstrømmen til finansiell gjeld, diskontert med effektiv rente

AKV ≠ VV, sidan VV blir funnen ved å diskontere med kravet

06-53

DØME

AMORTISERT KOST FOR FG

Ei verksemd investerer i «eigedelar» som kostar kr 100 – og eigedelane genererer ein kontantstrøm frå drift på kr 70 i år 1 og kr 60 i år 2. **Målet er at eigedelane skal finansierast med 50% eigenkapital og 50% gjeld med rente 8%**

År	0	1	2
Fri kontantstrøm frå drift	-100	70	60
- Avskrivning - innrekning	-100	50	50
= Driftsresultat	0	20	10
Kontantstrøm til finansiell gjeld	-50	29	27
- Avdrag - innrekning	-50	25	25
= Rentekostnad	0	4	2
= Resultat, dvs driftsresultat - rente	0	16	8
- Netto betalt utbytte	-50	41	33
= Endring i eigenkapital	50	-25	-25
Varige driftsmiddel	100	50	0
Eigenkapital	50	25	0
Finansiell gjeld	50	25	0

FG blir målt til **amortisert kost** ved hjelp av **effektiv rentemetode**, dvs til noverdien av kontantstrømmen til FG diskontert med renta:

År 0: $29/1,08 + 27/1,08^2 = \underline{50}$

År 1: $27/1,08 = \underline{25}$

År 2: 0

06-54

5.3

VERDIMODELL

Revaluation model

31 After recognition as an asset, an item of property, plant and equipment whose fair value can be measured reliably shall be carried at a revalued amount, being its fair value at the date of the revaluation less any subsequent accumulated depreciation and subsequent accumulated impairment losses. Revaluations shall be made with sufficient regularity to ensure that the carrying amount does not differ materially from that which would be determined using fair value at the end of the reporting period.

→ **BALANSEFØRT VERDI**

= verkeleg verdi – eller altså «fair value»

Men sidan verdivurdering berre kan skje **på visse tidspunkt** kan balanseført verdi vere verkeleg verdi ved seinaste måling - akkumulert avskrivning - akkumulert nedskrivning sidan seinaste måling

06-55

IFRS 13

MÅLING TIL «FAIR VALUE»

Definition of fair value

This IFRS defines fair value as the price that would be received to sell an asset or paid to transfer a liability in an orderly transaction between market participants at the measurement date.

Utgangspunkt

«fair value» = **salsverdi**

Application to non-financial assets

Highest and best use for non-financial assets

A fair value measurement of a non-financial asset takes into account a market participant's ability to generate economic benefits by using the asset in its highest and best use or by selling it to another market participant that would use the asset in its highest and best use.

→ **«FAIR VALUE» = MAKSIMUM{DRIFTSVERDI, SALSVERDI}**
= VERKELEG VERDI

06-56

1)

DØME VERDIMODELL

Ei verksemd investerer i «**eigedelar**» som kostar kr 100 – og eigedelane genererer ein kontantstraum frå drift på kr 70 i år 1 og kr 60 i år 2. **Eigedelane er varige driftsmiddel som kostar 80 og resten er eiga forskning**

- 1) Forsking kan **ikkje** balanseførast – heller ikkje etter verdimodellen
- 2) Verkeleg verdi varige driftsmidlar er her noverdien av framtidige kontantstraumar; **kapitalkravet er 10%:**

Verdi i år 0: $70/1,1 + 60/1,1^2 = 113$

Verdi i år 1: $60/1,1 = 55$

Verdi i år 2: **0**

Verdivurdering
vert utdjupa i
førelesing **16-19**;
kravet er omhandla i 15
(og 10)

Føresetnad: Eigedelane kan ikkje seljast for ein høgare verdi

06-57

2)

ENDRA FORVENTING VERDIMODELL

Kontantstraumen er

(-100, 70, **60**)

Men kva om forventingane ikkje slår til,
for eksempel ved at selskapet ved slutten av år 1 for kunnskap om at kontantstraumen i år 2 berre blir 30. Den realiserte kontantstraumen vert då:

(-100, 70, **30**)

06-59

FINANSREKNESKAP VERDIMODELL

År	0		1	2	
	Kontantstraum frå drift	0	0	70	60
-	Kontantstraum til investering	100	0	0	0
=	Fri kontantstraum frå drift	-100	0	70	60
+	Innrekning	80	0	0	0
-	Avskrivning (= - verdiendring)	0	-33	58	55
=	Resultat	-20	33	12	5
-	Netto betalt utbyte	-100	0	70	60
=	Endring i eigenkapital	80	33	-58	-55
	Varige driftsmiddel	80	113	55	0
	Eigenkapital	80	113	55	0

Verkeleg eller økonomisk avskrivning er lik - **verdiendring** på eigedelane ført til verkeleg verdi

Verdiauken på 33 er inntektsføring av urealisert vinning

Etter balanseføring kan eigedelane først etter ein **verdimodell**

Eigedelar skal balanseførast til **kost** også ved bruk av verdimodellen

I år 0 er det **to kolonnar** for å få fram at det skjer to ting som skjer etter kvarandre – balanseføring og så «revaluation»

06-58

NY FINANSREKNESKAP VERDIMODELL

	År	0		1		2
	Venta kontantstraum frå drift i utgangspunktet	0	0	70	0	60
+	Endra forventning på slutten av år 1	0	0	0	0	-30
-	Kontantstraum til investering	100	0	0	0	0
=	Fri kontantstraum frå drift	-100	0	70	0	30
+	Innrekning av varig driftsmiddel	80	0	0	0	0
+	Verdiendring (= - avskrivning)	0	33	-58	-28	-27
=	Resultat	-20	33	12	-28	3
-	Netto betalt utbytte	-100	0	70	0	30
=	Endring i eigenkapital	80	33	-58	-28	-27
	Varige driftsmiddel	80	113	55	27	0
	Eigenkapital		113	55	27	0

Verknaden av svikt i kontantstraumen er ei ekstra **nedskrivning** til ny verdi

Ny verdi i år 1: $30/1,1 = 27$

06-60

3)

IAS 41 BIOLOGISKE EIGEDELAR

Etter **IFRS** skal varer og driftsrelaterte fordringar skal vanlegvis rapporterast til kostmodellen. Unntaket er **biologiske eigedelar**, som fisk og skog, som skal rapporterast til verkeleg verdi når det finst aktiv marknad (IAS 41)

→ RAPPORTERING ETTER IAS 41

Salsinntekt på selde biologiske eigedelar

- Varekostnad selde biologiske eigedelar

+ **Verdiendring biologiske eigedelar**

= RESULTATBIDRAG

Dette er verdiendring på biologiske eigedelar som ikkje er selde, dvs som er på lager på IB og UB

06-61

4)

FINANSIELLE EIGEDELAR VERDIMODELL

ETTER **IFRS 9** SKAL «VANLEGVIS» FINANSIELLE EIGEDELAR MÅLAST TIL VERKELEG VERDI, SÅKALLA «**FAIR VALUE**» OG I NOKRE HØVE TIL AMORTISERT KOST:

After initial recognition, an entity shall measure a financial asset in accordance with paragraphs 4.1.1–4.1.5 at:

- (a) amortised cost;
- (b) fair value through other comprehensive income; or
- (c) fair value through profit or loss.

06-62

DØME VERKELEG VERDI AV FE

Ei verksemd investerer i «**eigedelar**» som kostar kr 100 – og eigedelane genererer ein kontantstraum frå drift på kr 70 i år 1 og kr 60 i år 2. **I staden for å dele ut utbyte i år 1 og 2 investerer verksemda i aksjar med avkastning på 20% i år 2**

År	0	1	2
Fri kontantstraum frå drift	-100	70	60
- Avskrivning - innrekning	-100	50	50
= Driftsresultat	0	20	10
Kontantstraum frå finansiell eigedel	0	70	74
- Investering i FE med innrekning	0	70	60
= Finansinntekt, dvs verdistiging	0	0	14
= Resultat til EK	0	20	24
- Netto betalt utbyte	-100	0	0
= Endring i eigenkapital	100	20	24
Varige driftsmiddel	100	50	0
Aksjar	0	70	144
Eigenkapital	100	120	144

Aksjane blir målt til «fair value», dvs **salsverdi med verdiendring i resultatet**

06-63

5.4

NEDSKRIVING I KOSTMODELLEN

Cost model

- 30 After recognition as an asset, an item of property, plant and equipment shall be carried at its cost less any accumulated depreciation and any accumulated impairment losses.

→

BALANSEFØRT VERDI

= innrekna kost - akkumulert avskrivning - akkumulert nedskrivning

Innrekning vart omtalt i 4.1

Avskrivning vart omtalt i 5.1

06-64

IAS 36 NEDSKRIVING

59 If, and only if, the recoverable amount of an asset is less than its carrying amount, the carrying amount of the asset shall be reduced to its recoverable amount. That reduction is an impairment loss.

→ NEDSKRIVING DERSOM

BALANSEFØRT VERDI > GJENVINNBAR VERDI

Eigedelen skal altså skrivast ned dersom gjennvinnbar verdi som er **mindre** enn balanseført verdi

06-65

1) GJENVINNBAR VERDI

The *recoverable amount* of an asset or a cash-generating unit is the higher of its fair value less costs of disposal and its value in use.

dvs salsverdi

→ GJENVINNBAR VERDI

= MAKSIMUM{SALSVERDI, BRUKS- ELLER DRIFTSVERDI}

= «FAIR VALUE» FOR IKKJE-FINANSIELLE EIGEDELAR

= **VERKELEG VERDI**

Dvs nedskrivning skal skje «ned» til verkeleg verdi

06-66

DØME NEDSKRIVING

Venta kontantstrøm er

(-100, 70, 60)

Men kva om forventningane ikkje slår til,

for eksempel ved at selskapet ved slutten av år 1 for kunnskap om at kontantstrømmen i år 2 berre blir 30. Den realiserste kontantstrømmen vert då:

(-100, 70, 30)

→ NEDSKRIVINGSTEST («IMPAIRMENT TEST»)

År	0	1	2
Balanseført verdi, dvs kostverdi; sjå 06-6	80	40	0
- Gjennvinnbar verdi = verkeleg verdi; sjå 06-20	113	27	0
→ NEDSKRIVING = maks{0, BV - VV}	0	13	0

06-67

KOSTREKNESKAP MED NEDSKRIVING TIL VV

	År	0	1		2
	Venta kontantstrøm frå drift i utgangspunktet	0	70	0	60
-	Endra forventning på slutten av år 1	0	0	0	-30
-	Kontantstrøm til investering	100	0	0	0
=	Fri kontantstrøm frå drift	-100	70	0	30
+	Innrekning av varig driftsmiddel	80	0	0	0
-	Avskrivning	0	40	0	27
-	Nedskrivning	0	0	13	0
=	Resultat	-20	30	-13	3
-	Netto betalt utbytte	-100	70	0	30
=	Endring i eigenkapital	80	-40	-13	-27
	Varige driftsmiddel	80	40	27	0
	Eigenkapital	80	40	27	0

06-68

2)

REVERSERING AV NEDSKRIVING

114 An impairment loss recognised in prior periods for an asset other than goodwill shall be reversed if, and only if, there has been a change in the estimates used to determine the asset's recoverable amount since the last impairment loss was recognised. If this is the case, the carrying amount of the asset shall, except as described in paragraph 117, be increased to its recoverable amount. That increase is a reversal of an impairment loss.

117 The increased carrying amount of an asset other than goodwill attributable to a reversal of an impairment loss shall not exceed the carrying amount that would have been determined (net of amortisation or depreciation) had no impairment loss been recognised for the asset in prior years.

→ **ALTSÅ**

skal ei nedskriving reverserast, men maksimum til kostverdi

06-69

3)

KOSTMODELL MED NEDSKRIVING = HYBRID MODELL

Sidan balanseført verdi innanfor ramma av ein kostmodell kan bli skriven ned til verkeleg verdi når verkeleg verdi er lågare enn kostverdi, er eigentleg kostmodellen ein **hybrid modell** der balanseført verdi kan vere verkeleg verdi

		Verkeleg verdi			
År		0	1	2	
Varige driftsmiddel		80	40	27	0
		Kostverdiar			

06-70

5.5

KONKLUSJON KOST- OG VERDIMODELL

- ✓ ETTER GRS – DVS NGRS OG IFRS – SÅ ER **LINEÆR PERIODISERING AV KOST** «OK» PGA EI MENGDE SÆRPERIODISERING-AR (KOMONENTAVSKRIVING)
- ✓ ETTER IFRS ER **MÅLING AV VERKELEG VERDI** «OK»

06-71

KONKLUSJON HYBRID MODELL

ETTER GRS – DVS NGRS OG IFRS – SÅ KAN EIN DEL INVESTERT KAPITAL (KOST) VERTE HALDE UTANFOR BALANSEN GJENNOM **NEDSKRIVING**



06-72

GRUNNGJEVING

Årsaker til at kostverdi kan skrivast ned til verkeleg verdi er at

- nedskriving er **kreditorrelevant** sidan långjevarar er opptekne av likvidasjonsverdiar og at
- vi generelt bør vere **forsiktige** med å rapportere overvurderte verdiar

06-73

UTFORDRING

MEN ER IKKJE DET AT SOMME INVESTERINGAR FEILAR EIN NATURLEG DEL AV DET Å DRIVE OG BØR DERFOR INNGÅ I INVESTERT KAPITAL?

JA? DET Å VURDERE INDIVIDUELT OM KVAR EIGEDDEL BØR NEDSKRIVAST KAN **UNDERVURDERE INVESTERT PORTEFØLGJEKAPITAL**



Det å undervurdere investert kapital gjennom nedskriving kan blåse opp rentabiliteten – og er derfor potensielt ei utfordring ved investororientert rekneskapsanalyse, jamfør førelesing **07, målefeil av type 2**

06-74